



friskt

Liv, helse og vekst
til våre kundar og
vår vakre natur!

Nr 7 | Juni 2019 | årg. 4



Kundemagasin

Side 4-5

Måtte bera vatnet heim

- vatn og avløp i «gamle» dagar

Side 10

Heilag Olav drakk Bømlavatn

- Bli med til Olavskjelda på Moster



Audun Halleraker
Dagleg leiar BVA

Det viktige vatnet

For lite vatn gjer at me menneske tørstar i hel, medan for mykje vatn kan øydeleggja matproduksjon, hus og anna viktig infrastruktur.

Og nok vatn er ikkje alltid einstyndande med at det er drikkbart. Mange millionar menneske har tilgang på vatn, men av ein slik kvalitet som gjer at det ikkje kan drikkast. Vatnet blir dermed kjelde til sjukdom og i verste fall, død.

Auka kvalitet på vatnet

Også på Bømlo har det tidlegare vore utfordringar med mengde og kvalitet på vatnet. Små brønner som gjekk tomme for vatn kvar sommar og kjelder utan reinsing av noko slag.

I mange område vart det etablert private vassverk som vart drifta på dugnadsbasis og idealisme for å unngå vassmangel. Det er mange personar som skal ha honnør for det store og viktige arbeidet dei har lagt ned.

Med auka krav til kvaliteten på drikkevattnet måtte det naudsynnte investeringar til, og mange søkte om kommunal overtaking. Om du er interessert i denne historia kan me anbefala boka «Fullt trykk!».

Trygt vatn

I dag har me på Bømlo i dei aller fleste tilfelle både nok og godt friskt vatn. Få av oss tenkjer over utfordringane som kan oppstå om vatnet plutseleg ikkje kan brukast eller blir borte.

Direktoratet for samfunnsstryggleik og beredskap (DSB) har laga ein brosjyre som heiter «Du er ein del av beredskapen i Noreg».

Her kan du lesa kva du treng ha i hus for å klara deg i eksempelvis tre døgn om straum eller vatn forsvinn. Det kan

vera naturhendingar, uvêr, tekniske problem eller andre upårekna hendingar.

DSB rår til at me alle har ni liter vatn per person ståande. Ein bømlofamilie på fire bør altså ha ca. 35 liter vatn ståande. Du synst kanskje det er mykje? Den same hushaldninga brukte i 2018 i gjennomsnitt 600 liter vatn pr. dag...

Kanskje me alle bør tenkja gjennom kva me bør ha i heimen om noko uventa skule skje? Eg ønskjer alle ein god sommar!

Audun Halleraker
Dagleg leiar



BØMLO VATN OG AVLØP


Vår visjon er:

Liv, helse og vekst til våre kundar og vår vakre natur.

«FRISKT» | Kundemagasin utgjeve av Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS
Ansv. red. Audun Halleraker
Design & tekst: Synleg AS
Foto: Vegard Røsland
Distribuert til hushaldningar i Bømlo.



Framsida-bilde: Teltet slått opp i Furuneset i Rubbestadneset, og camparane har nydeleg utsikt til Siggjo. Bømlavatnet er sjølvsagt med på tur!



Vatn – ei mangelvare?

Det er nok ferskvatn på jorda til alle, men likevel manglar over to milliardar menneske tilgang på reint vatn heime.

Då me fekk kokevarsel på Bømlo for nokre år sidan blei kvardagen vår med eitt litt meir tungvint. Eit kaldt og leskande glas vatn blei brått ikkje så tilgjengeleg - det måtte jo både kokast og kjølast ned igjen. Heldigvis var det «falsk alarm» og kokepabodet blei oppheva etter nokre dagar.

Dagleg kamp

For mange lokalsamfunn i verda er ikkje tilgangen på reint vatn eit praktisk problem som går over, men ein dagleg kamp for liv, helse og vekst.

Fleire dør i dag av sjukdom relatert til mangel på vatn, slik som diaré, enn av krig. Aktivt arbeid for å gje reint vatn og gode sanitærforhold til alle er difor viktig, og det er eit av FN sine definerte berekraftsmål.

To internasjonale dagar

For å setja fokus på dette viktige arbeidet har FN oppretta to internasjonale dagar. Desse er verdas vassdag 22. mars og

verdastoalettdag 19. november. At både vatnet og avløpet er trygt, er kritisk for å byggja gode samfunn. Dei siste åra har skulane på Bømlo markert verdastoalettdag.

Det er nok ferskvatn på jorda, men dårleg økonomi og manglande infrastruktur står ofte i vegen for utviklinga.

Kven eig vatnet?

Har du tenkt på det? Kven eig vatnet? Det er både eit økonomisk, politisk og historisk spørsmål. I Norge er dette forholdsvis

uproblematisk, for alle har tilgang på reint vatn. Men i mange av konfliktane i verda i dag står kampen om vatnet sentralt. Også i vestlege land.

Tilgang til reint vatn blir sannsynlegvis ei stadig viktigare årsak til krig og konfliktar i framtida. Verdastoalettdag (WHO) anslår at halvparten av befolkninga i verda kjem til å bu i vassbelasta område i 2025.

Menneskerett?

Det har vore diskusjonar om tilgang til reint vatn og trygt avløp kan definerast som ein menneskerett. I 2010 vedtok generalforsamlinga i FN at tilgangen på reint

drikkevatt og gode sanitærforhold er noko enno meir. Det er avgjerande for at også dei andre menneskerettane skal bli oppfylte. Kampen om ei meir rettferdig fordeling av ressursane er altså grunnleggjande.

Kvinnerettigheitar

Reint vatn og gode sanitærforhold er særleg viktig for å betra forholda for kvinner i utsette delar av verda.

Ofta er det jenter og kvinner som har det tunge ansvaret med å henta vatn til familien, noko som påverkar helsa deira negativt og hindrar deltaking i utdanning og arbeidsliv.

Akseptable sanitærforhold er viktig for å få ein verdig kvardag knytt til kvinneleg hygiene, og for å redusera risiko ved barnefødselar.

Bømlavatnet - av det beste i verda

På Bømlo har me tilgang på eit av Norges beste drikkevatt. Bømlavatnet er altså av det reinaste og beste drikkevatt som finst i verda.

BVA har ikkje noko rolle i å løysa internasjonale utfordringar, men vil informera og auka bevisstheita på eit viktig tema som angår mange menneske i verda i dag.





– Vatn var tungt arbeid, men det var slik for alle



Vatn. Det er lett tilgjengeleg overalt. Me opnar kranen og det friske Bømlavatnet berre renn ut. Slik var det ikkje før. Då Magda vaks opp var vatn tungt arbeid.

Magda Økland har akkurat fylt 99-år, men hugsar godt korleis det var med vatn og avløp i gamle dagar.

– Me hadde to vasskjelder heime på garden på Hiskjo, fortel Magda. Ei «matkjelde» og ei «fjoskjelde», men det var sjeldan me brukte fjoskjelda.

Me hadde takrennevatn og ein stor tank som dyra våre fekk vatn frå. Var det tørt lenge, så måtte me bera vatn til dei frå fjoskjelda.

Måtte i båt for å vaska klede

I tørkeperiodar med lite vatn i kjelda måtte dei i båt for å vaska klede, men ho har berre gode minner frå det.

«Det tok tid før eg kunne sleppa vatnet laust»

Magda Økland, om då ho fekk innlagt vatn.

– Då vart me ungane skikkeleg glade. Me fekk vera med til Litla Hiskjo for å vaska klede. Då hadde me med niste og me bada i vatnet der, så det blei reine utflukta. Det var kjekt, men eg trur ikkje dei vaksne tenkte slik som ungane, ler ho.

Sparte på vatnet

Ho gifta seg og flytta til Økland, og bur enno heime i huset sitt der.

– Vasskjelda me hadde her var god, men me måtte spara på vatnet, seier ho. Var det tørt i lengre periodar så vaska dei klede i Øklandsvatnet.

Allt vatnet måtte berast inn og ut av huset og det var tungt arbeid. – Men slik var det for alle, og ingen klaga over det, fortel 99-åringen.

Vaskefat med plass til ein fot

Før dei fekk lagt inn vatn hadde dei ikkje toalett, bad eller vaskerom i huset.

– Me vaska oss i vaskefat, og eg hugsar me berre fekk ein fot i om gangen, seier Magda.

– Og klede vaska me i kjellaren, i stamp med vaskebrett, seier ho. Dei kvite klede blei kokt i vatn for å få dei skikkeleg reine.

Overgang til innlagt vatn og avløp

I 1955 fekk dei innlagt vatn på Økland og då slapp dei å bera vatnet inn og ut. Nøysemda var likevel den same:

– Eg var vande med å spara på vatnet, og hørte eg springen stå på for lenge, så bad eg at dei måtte stenge krana. Ja, det tok tid før eg kunne sleppa vatnet laust, ler ho.

Ti år etter dei fekk innlagt vatn, så laga dei bad på huset, og då var det endeleg slutt på utdoen.

– Godt vatn på Bømlo

Bømlavatnet er ho veldig glad i, og meiner me ikkje treng reisa langt for å kjenna forskjell på smaken på vatnet.

– Me har eit ubegripeleg fint og godt vatn her på Bømlo. Det er friskt og ingen smak på det, og eg merker stor forskjell andre stadar.

Takksam

Magda tenkjer både på andre stadar i Norge, men særleg andre plassar i verda. For det er slett ikkje alle som har det som oss.

– Tenk alt me bruker reint drikkevatt till! Og folk andre stadar i verda må gå langt for å få seg noko å drikka, seier ho. – Ja, me har mykje å vera takksame for!



Her er eit «vassel» eller «vassåk» som ein brukte til å bera vatn med.



Desse flaskene har vore i Furuneset på Rubbestadneset, i Krakow og på Malaga. Kvar tek du med deg di flaske i sommar?

Bømlavatnflaska med på tur

Bømlavatnflaskene minner oss om å drikka vatn, og at me har eit av Norges, og verdas beste drikkevatt i kommunen vår. Ta med flaske di på tur, send bilde til oss, og bli med i trekking av premie!

Fekk bilde i fjor sommar

I fjor sommar fekk me inn nokre bilde frå engasjerte bømblingar som hadde med seg bømlaflaska på tur. Dette var så kjekt, at me gjerne vil sjå kvar du tek med deg bømlavatnet i sommar. Kanskje til Hiskjo, Slåtterøy eller Moskva? På telttur, busstur eller båttur - vatn må du ha uansett.

Trekking av premie: Bømlagåvekort

Dei kjekkaste bidraga som vert sendt inn, blir med i trekkinga av eit bømlagåvekort på kr. 5.000. Du kan senda inn bilde frå du les dette, og heilt til skulane startar opp igjen i august. Send inn ditt bidrag på e-post til bilde@bomlavatn.no eller til oss på Messenger (@bomlavatn). Innsendte bidrag kan bli publisert på BVA si Facebookside og bva.no.

Har du ikkje flaske? Kom innom til oss!

Barna som har gjennomført undervisningsopplegg om vatnet på Bømlo, har fått bømlavatnflaske på skulen. Også vaksne kan få flaske, det er berre til å komma innom lokala våre i Hollundsaldalen, så får du ei heilt gratis!



F.v. Trond Sandnes, Jan Roar Grutle og Thor Audun Larsen med «pigge-vogna» som blir brukt for å gjera vassleidningane på Bømlo reine.



Effektiv innovasjon

Dette har du kanskje aldri tenkt på før: Treng vassleidningar å gjerast reine inni? Og korleis i alle dagar blir det gjort i så fall?

– Ja, me vil at vatnet skal ha høgast mogleg kvalitet, både med tanke på smak, lukt og utsjånad, seier Trond Sandnes. – Då må me halda vassleidningane i topp stand! Trond er driftsoperatør i Bømlo Vatn og Avløpsselskap og har saman med Thor Audun Larsen og Jan Roar Grutle utvikla eit eige verktøy for effektiv reinsing av røyr.

Ubehageleg, men ufarleg

Over tid vil det oppstå organisk materiale i vassleidningane, og desse kan gje farge til vatnet. Farga vatn kan vera ubehageleg, men er ikkje farleg. Hovudvassnettet på Bømlo består av over 400.000 meter med vassleidningar, så det er mykje å halda reint.

– Eg sat ein søndagskveld heime og funderte på korleis me kunne få auka effektivitet og hygiene i arbeidet med å reinse leidningane, seier Thor Audun.

Han laga ei arbeidsteikning til eit verktøy, og Trond bygde ein prototype på bakgrunn av teikninga. Etter testing og diskusjonar i teamet fekk driftsleiar Odd Petter Habbestad ideen om at dei kunne bygga verktøyet inn i ein tilhengar. Han gav teamet frie tøyler til å utvikla eit formålstenleg verktøy for jobben.

«Piggar» røyrane reine

For å reingjera leidningane vert det sendt inn spesiallaga «skumgummipiggar» på vassnettet. Desse presser seg inn og gjennom vassleidningane og tek med seg avsetningar som ligg inne i leidningane.

Tidlegare gjekk operatørane ned i vasskummane og sette piggene inn manuelt. Dermed var det ein større risiko for å få bakteriar og uønskte partiklar inn på vassnettet. No vert alt arbeidet gjort i eit sterilt miljø inne i tilhengjarvogna.

Vogna vert kopla til leidningsnettet, «pig-gane» sett inn og sendt over strekninga som skal reingjerast. Måleapparat gjer at operatørane heile tida veit kor langt piggene er komne.

«No får me gjort mykje meir på kortare tid»

Jan Roar Grutle, driftsoperatør

Får lov å tenkja kreativt på jobb

Teamet strålar av entusiasme når dei fortel om arbeidet sitt, og korleis dei jobba fram det nye verktøyet.

– I BVA får me lov til å tenkja kreativt og prøva ut nye ting som me har tru på, seier Jan Roar. – Det har ført til smartare måtar å jobba på og at me har sjølvutvikla utstyr som gjer oss betre i jobben vår.

Auka effektivitet og redusert risiko

– Dette er ei suksesshistorie, seier Trond. Den nye vogna har fungert optimalt og er eit resultat av eit godt teamarbeid.

– Hygieneforholda er forbetra, og arbeidstilhøva for oss som arbeider på eit tryksett system er blitt mykje betre, seier Thor Audun.

– Ja, og auka effektivitet! legg Jan Roar til. Han var heilt overraska over tidsbesparelsen dei oppnådde. – No får me gjort mykje meir på kortare tid, noko som reduserer kostnaden med vedlikehaldet. Det er jo viktig for oss at me jobbar så smart som mogleg for kundane våre, avsluttar Jan Roar.

Andre vil læra

Fleire vass- og avløpsselskap i regionen har vore på besøk for å sjå korleis BVA arbeider med reingjering av vassleidningar.

Prosjektet har med relativt liten innsats ført til auka effektivitet, redusert risiko og betre hygieniske forhold.

Til no har to kommunar vore og sett på løysningane og Rogaland driftsoperatørforeining kjem på fagsamling til Bømlo i juni.

Erfaringa og kunnskapen er sjølvsgatt noko me i BVA gjerne deler med andre som vil komma og henta inspirasjon og kunnskap.

Det gode leidningsnettet som me har på Bømlo er ein viktig bakgrunn for suksessen. På strekk med gamle vasskummar kan ikkje vassleidningane reinsast på same måte, og det må manuelle løysningar til.

Me jobbar heile tida med å få modernisert stadig meir av leidningsnettet vårt.

72-år og enno ikkje pensjonist

For nesten 30 år sidan begynte Leif Økland å jobba med vatn og avløp i Bømlo kommune. Som 72-åring vurderer han å bli pensjonist.

– Det har vore ei rivande utvikling desse åral Leif mimrar tilbake til tida då store delar av Bømlo hadde private vassverk, og overvakinga til vassverka var avgrensa til ei grønn og ei raud lyspære som sa om det var tilstrekkeleg med vatn i høgdebassenga.

som viser forbruk ut over normalt, som kan bety lekkasje. Tidlegare kunne det gå lang tid før me oppdaga lekkasjar, ja forbetringa er som natt og dag, seier han.

Har trivast godt på arbeid

Leif seier at han har trivast godt i arbeidet og difor ikkje tenkt så mykje på å bli pensjonist. Men han meiner tida no er mogen til å gjera andre ting og går av med pensjon til sommaren. Han vil gå tur, padla kajakk og gå på kafé. Han siktar seg altså inn mot eit aktivt pensjonistliv.

«Forbetringa er som natt og dag!»

Leif Økland, om utviklinga siste 30 år.

Får skryt frå sjefen

– Leif har betydd mykje for det store arbeidet med å redusera lekkasjeandelen på Bømlo, seier Audun Halleraker, dagleg leiar i BVA. – For ti år sidan lakk om lag halvparten av vatnet ut på nettet vårt, medan me i fjor hadde ein lekkasjedel på 18%.

Audun seier at Leif er i svært god fysisk form og er glad for at veteranen har jobba fem år etter fylte 67 år. Det har gjort at BVA har fått nytta meir enn ein kunne forventet av kunnskapen og erfaringa som Leif har. – Godt pensjonisttilvære, Leif!





Astrid Rusten (t.v) og Eva Helen Mikkelsen Undheim har funne fram favorittane til bømblingane.

I kø for fersk fisk

Skodda låg tjukk over Melingsvågen, og vårlufta var kald og gufsen. FRISKT skulle besøke Bømlo Fersk Fisk, men kom til låst dør...

Me kikka på klokka og lurte på om me hadde teke feil av tida. Eitt minutt for tidleg. Me kikka opp og i det same kom ein bil ned i «Vinsen» som det blir kalla på folkemunne. Astrid Rusten kom smilande ut av bilen:

– Beklagar eg er sein, eg kjem rett frå eit anna møte. Ho låser opp døra og loser oss inn i lokala medan ho fortel oss om bedrifta.

Ferske og lokale råvarer

Dei starta opp i desember og har fått ein god start på selskapet sitt, Bømlo Fersk Fisk AS. Dei opnar utsalet sitt fleire dagar i veka, og sjølv på ein dag det eigenleg er stengt, så opplever me mykje trafikk i dei tradisjonsrike lokala. Ein av dei som me møter er Bjarte Nordtun, ein lokal fiskar.

Han har med seg fersk fisk til mottaket.

– Ja, dette syns eg er veldig kjekt, seier Bjarte. Han gler seg over at det er fiskemottak igjen i Melingsvågen. Nordsjø A/L hadde pakkeri og fiskemottak i dei same lokala, men det er 20 år sidan.

«Utan godt vatn hadde me ikkje klart oss»

Astrid Rusten

Avhengig av vatn

Astrid tek imot fisken frå Bjarte, ho veg den, og noterer i bøkene og på datamaskin. Så islegg ho fisken, og tek opp temaet som me er komne for å snakka om.

– Utan godt vatn hadde me ikkje klart oss, seier ho. Det er heilt kritisk for oss å ha tilgang på godt vatn, både for å produsera is, men også for å halda det hygienisk og reint rundt oss. Vatn er ein heilt grunnleggjande føresetnad for drifta vår.

Lokale fiskarar

– Kor mange har de som leverer fisk til dykk? Astrid begynner å telja på lista si. – 23-24-25. Me har 25 lokale fiskarar som leverer fast til oss. Me ventar òg ein ny stor båt dei nærmaste dagane, som

kjem med den største leveransen me har hatt her til no, seier ho. – Til vanleg er det gjerne me damene som tek imot fisk, men då har me sagt at me treng hjelp frå mennene våre!

Firkløveret bak bedrifta

Dei er fire som står ilag om det nye fiskemottaket: Astrid Rusten og Eva Helen Mikkelsen Undheim har med seg sambuar og ektefelle Johnny Bø og Stein Arne Undheim. Dei to sistnemnde er fiskarar og står for ein god del av fangsten som vert selt.

Bestselgarane

– Reke og torsk er det me sel mest av. Men me får også inn spesielle typar frå havet som akkar, steinbit og uer som ikkje er lett å få tak i, fortel Astrid.

Bømlo Fersk Fisk sel til privatpersonar som handlar på mottaket, og til faste kundar som Norhordland Fisk, Haaheim Gaard og Gamle Posten på Espevær. Dei sel også reke til lokalbutikkane, men når ryktet om fersk reke i Melingsvågen spreier seg, brukar dei å bli utselde veldig raskt. Då er det om å gjera å vera tidleg ute.

Førstemann til mølla

– På utsalsdagane er det førstemann til mølla som gjeld, så bømblingane må rett og slett stå i kø her hos oss.

Tidlegare så tok me imot bestillingar og reservasjonar, men etterspurnaden er blitt så stor at me ikkje lengre kan gjera det på den måten, seier Astrid.

Sjølv om det er reke og torsk det går mest av, så blir også dei meir spesielle fiskeslaga selde. Både lokale restaurantar og kokeglade bømblingar lagar til spenstige måltid.


Frå Stavanger til Bømlo

Kundane deira kjem frå Stord, Sveio, Stavanger og heile Bømlo.

– Ein gong kom det ein som hadde reist frå Stavanger i eit anna ærend, men han måtte sjølvstoppa innom og handla fisk hos oss, ler ho.

Berre ein liten tur

– Ofte skal me berre ein snartur nedom, men det endar ofte at me blir her ein del timar, smiler Astrid. Som ikkje ser ut til å skulle kjøre heim igjen med det første.



Kva skal du betala i gebyr?

No er det enklare for deg å finna ut kva du skal betala for vatn og avløp på Bømlo.

Betala etter forbruk eller areal

Nokre privatkundar har vassmålar, men dei fleste betalar for vatn og avløp basert på husstorleik. For å gjera det enklare for desse kundane har me no laga ein gebyrkalkulator som ligg på nettsida vår, bva.no.

Fire faktorar som bestemmer gebyret

Du svarar på fire enkle spørsmål og då får du vita kva som er den månadlege summen du skal betala.

Dei fire spørsmåla handlar om storleiken på husværet (under 80 m², mellom 81-350 m² og over 351 m²), om du har vatn og / eller avløp frå BVA og om du har hybelleilighet i huset ditt.

Gjennomsnittskunden

Gjennomsnittskunden vår har husvære

mellom 81 og 350 m², er påkopla offentleg vatn og avløp, og har ikkje hybelleilighet. Desse kundane betalar 880 kroner i månaden, noko som er ein nedgang på 4% frå 2017.

Feil storleik på huset?

Me hentar ut informasjon om huset ditt frå eigedomsregisteret (matrikkelen). Dersom informasjonen der ikkje er korrekt kontaktar du Bømlo kommune slik at dei kan retta det.

Vassmålar - betaling etter forbruk

Dersom du ønskjer kan du montera vassmålar, og heller betala etter forbruk. Du tek då kontakt med ei autorisert røyrleggjarbedrift som installerer denne for deg. Kostnaden med installasjonen er det abonnenten sjølv som betalar.

Les gjerne meir om gebyr og betaling på bva.no, eller ta kontakt med oss om du har spørsmål.

Har du dårleg trykk?

Me har fått spørsmål på Facebooksida vår (facebook.com/bomlavatn) frå ein kunde som undrast på kvifor dei har dårleg trykk på vatnet sitt.

Kundar som bur høgt må få vatnet pumpa opp til der dei bur. Det kan vera at den private stikkleidninga (vassleidninga som går frå det offentlege hovudnettet og fram til huset) er underdimensjonert eller manglar pumpekapasitet. Det kan også vera lekkasje i den private stikkleidninga, og me i BVA kan undersøka om dette er tilfelle. Eventuelle utbetringar som skal gjerast på private stikkleidningar vert dekkja av huseigarane.

Det kan sjølvstoppa også vera lekkasje eller andre feil på det offentlege nettet – ta gjerne kontakt med oss dersom du har spørsmål.



Vatnet som Olav den Heilage drakk av då han var på Bømlo

Mostraspelet minner oss om vår vikingarv og sjølvsgat måtte vikingkongane som besøkte Bømlo ha vatn å drikka.

Olavskjelda på Moster

Segna vil ha det til at Heilag Olav fekk grave seg ei kjelde på Moster og denne ligg bak Moster Amfi.

Dersom du går frå Moster Amfi og mot Dalanesvegen ser du ein plakate som fortel litt om denne kjelda.

Pilegrimane drakk frå olavskjeldene

Me var nysgjerrige på dette og tok difor kontakt med ei som kjenner godt til Moster si historie, mangeårig guide i Moster Amfi, Turid Anglevik.

– Det vert fortalt at då Olav den Heilage var her, drakk han frå denne kjelda, og dermed har den blitt kalla Olavskjelda. Det er mange slike kjelder i Norge, og særleg er desse knytt til pilegrimsleiene. Kystpilegrimsleia går mellom Stavanger og Trondheim og er innom Moster. Pilegrimane som kjem hit får omvising og Olavskjelda er ein del av denne rundturen, seier ho.

Kjelda vart øydelagt - og restaurert

Under andre verdenskrigen vart kjelda øydelagt og ho vart laga til ei stor kjelde med støypt lok. Støttelaget for gamle Mostrakyrkja restaurerte kjelda i 1994, slik gamle folk hugsar ho var. I dag ser me berre så vidt kjelda, då ho er stengt igjen med eit gitter, slik at ikkje folk skal falle ned i ho.

Kanskje me ikkje kan lova deg helbred og lækjedom av Bømlavatnet du tappar frå BVA-nettet, men friskt, reint og sunt er det i alle fall!

Blir det vatningsforbod i sommar?

Ja, det blir det. Det er faktisk allereie innført! – Men eg har jo ikkje sett annonse i avisa, seier kanskje du. Då kan me orientera om at det **alltid** er vatningsforbod på Bømlo.

Årsaka er at alle dei tre hovudvasskjeldene våre ligg mykje lågare enn der folk bur. Me må difor pumpa vatn opp i høgdebasseng.

Når mange opnar kranane samtidig, til dømes ved hagevatning, fell trykket og pumpene klarar ikkje å levera vatn til alle.

Du kan vatna så mykje du vil...

... så lenge du brukar kanne. Det er sjeldan eit problem med vatn i kjeldene våre. I fjor var det ein svært tørr sommar, men me hadde tilstrekkeleg med vatn. Utfordringa er altså

ikkje hovudsakleg mengda vatn, men kapasiteten på reinsing og distribusjon av vatnet.

Kos deg med Bømlavatnet

Fyll gjerne opp plaskebassenget til ungane og la dei få leika med vatn. Lat blomane, bærbuskane og frukttrær dine få nyta Bømlavatn frå kanne eller bøtte - men vent til kvelden før du vatnar. Kos deg med vatn i sommar!



Foto: Vegard Røstland

Bømlo MJ9: Bak f.v. Regine, Anna, Sandra, Alessia-Maria og Senay. I midten Lina Anneli og Josefine. Framme Randi.



-Utan vatn blir me slitne

Tredjeklassejentene på Langevåg er ikkje i tvil om kva dei helst vil drikka når dei spelar fotballkamp.

Vatn er sunt

– Me blir trøytte og slitne om me ikkje drikk vatn når me spelar kamp. Reint vatn er det viktigaste i livet, og det er sunt og godt, fortel jentene.

Må drikka nok vatn

Då me møtte dei var det fotballkamp mellom Bømlo og Moster på Langvåg. På banen spring åtte glade og energiske jenter.

Dei er midt i oppvarminga, og på kampdag er det ein ting dei ikkje gløymer:

– Me må drikka masse vatn! Drikk me ikkje vatn når me spelar kamp, blir det ein ørken inni oss. Me tørkar inn. Og når me skal vaska oss på hendene, er det også viktig med reint vatn, seier 3. klassejentene.

Full kontroll

Dei veit godt kva vatn som kan drikkast, og kva dei skal styre unna. – Drikkevatt er vatn som kjem frå springen. Ikkje drikk saltvatn for det smakar pyton, ler dei.

Vasskrig

Det er mykje som er kjekt med vatn, men det aller kjekkaste er dei veldig samde om:

– Vasskrig! Ein gong så spylte ein av pappaene på oss då dei vaska på idrettsanlegget. Det var kjempebra, for det var veldig varmt den dagen, og me trong å kjøla oss ned, seier niåringane.

Forutan vasskrig kan det friske Bømlavatnet nytast på andre kjeke måtar.

– Vatn er godt, me kan kasta vassballongar på kvarandre, me kan bada og det liknar på brus, ler dei.

«Drikk me ikkje vatn når me spelar kamp, blir det ein ørken inni oss!»

Løysingsorienterte jenter

Om nokon gløymer drikkeflaska si heime så er ikkje det noko problem. Då hjelper dei kvarandre.

– Me drikk frå springen i gardero-ben, og me deler på vatnet me har med oss. Er det nokon som har gløymt drikkeflaska, så fyller dei som har flaske, vatn i korken. Då kan dei som ikkje har flaske drikka av den, fortel dei.

Fekk bømlavatnflasker

Alle jentene fekk utdelt kvar sine bømlavatnflasker som dei kan nytta på treningar og kampar framover.

– Dei er kjempefine og me kan ha mykje vatn i dei, ropar fotballjentene i kor.

Under kampen såg ikkje niåringane trøytte og slitne ut, sjølv i sterk vind. Dei har nok fått i seg godt med Bømlavatn.

Vannvittig :-)

Kva hund er flinkast til å henta vatn?

Olden Retriver.



bva
BØMLO VATN OG AVLØP

Bømlo Vatn og Avløpselskap AS

Org. nr. 985 228 825
Pb 214, 5445 Bremnes
Besøk: Hollundsdalen 21
Tlf: 53 42 88 40
Vakt: 53 42 88 45



friskt

Bømløvatnet vart kåra av ein uavhengig jury til eit av det beste vatnet i Noreg. Det var verd å feire!